



God påske - helsing frå Uskedal Utvikling.

Uskedal Utvikling vil med dette ynskja alle GOD PÅSKE. No har Coronaviruset prega dagane og vekene. Det har vore ei spesiell tid for alle. Dette er noko vi har merka på ulike måtar.

- Tom camping, nesten ingen båttrafikk til Skorpo, feriehus utan lys, tom kunstgrasbane, stengt Zjakk frisørsalong, ingen aktivitet i Helgheim eller i Gamleskulen. Stille rundt skulen og barnehagane.
- Vi er alle imponert over den innsatsen kvar og ein gjer for å hindra smitte. Ikkje minst er vi imponerte over det arbeidet lærarane gjer med nettbasert undervisning og på den måten gjer sitt til at skuledagen har meining og innhald.

- Ros til foreldra som tek del i heimeundervisninga i tillegg til å aktivisera borna resten av dagen.
- Så må vi hugsa dei som hjelper til for at alle skal ha det bra, som ringer ein nabo og spør om det er noko ein kan hjelpa med, til dei som handlar og hjelper alle i karantene og ikkje minst dei som kvir seg med å gå ut der mange er samla.
- Takk til alle med kreative løysningar for å få kvardagen til å gå.

Det er fint at vi tek vare på kvarandre. Dette vil gå bra, kvardagen vår kjem tilbake.

Kos deg i påsken, bruk den fine naturen vår.

God påske til kvar og ein som er i Uskedalen og til alle våre påskegjester som gjerne skulle vore her.

Hald hovudet kaldt og hjarta varmt

God Påske!

Tekst: Gunn Mari Moberg - leiar i Uskedal Utvikling

Foto: Gro Hjelmeland

Nett: Kristian Bringedal